


KONKURRANSEGRUNNLAG

Asfaltering av kommunale vegar 2023

Hjelmeland kommune



Hjelmeland kommune v/eining Bygg og Anlegg og eining for Prosjekt og digitalisering innbyr med dette til konkurranse om kontrakt som gjeld asfaltering av kommunale vegar i 2023.

1 GENERELL BESKRIVING

1.1 Om oppdragsgjevar

Oppdragsgjevar er Hjelmeland kommune. Funksjonen som byggherre tas hand om av eining for Prosjekt og digitalisering.

Oppdragsgjevars kontaktpersonar er:

Namn	Karl Tjøstheim Larsen
e-post	karl.tjostheim.larsen@hjelmeland.kommune.no
Telefon	404 39 133

1.2 Atterhald om tillatingar og finansiering

Oppdragsgjevar gjer spesielt merksam på at gjennomføringa av prosjektet avhenger av tilfredsstillande finansiering og godkjenning frå offentleg mynde. Tilbydar kan ikkje krevje erstatning dersom konkurransen skulle verta avlyst som følgje av manglande finansiering, godkjenning eller anna sakleg grunn.

1.3 Beskriving av oppdragsgjevars behov

Hjelmeland kommune gjennomfører open/enkel anbudsrunde for asfaltering av kommunale vegar i 2023. Konkurransen blir gjennomført som ei del II anskaffing etter FOA og blir lyst ut på Doffin. Arbeidet skal utførast av ein leverandør med det faglege, tekniske og økonomiske grunnlaget for utføring av oppgåver beskrive i denne konkurransen.

Hjelmeland kommune skal i 2023 asfaltere ein rekke vegstrekningar. Beskriving av desse vegstrekningane er gitt i vedlegg 2 – Prisskjema. Det ligg og med kartskisje som viser kor det skal asfalterast. Desse er det gitt referanse til i vedlegg 2 – Prisskjema.

I løpet av eit år har Hjelmeland kommune investeringsmidlar til asfaltering. Desse investeringsmidlane går til dei vegane som er beskrive i dette konkurransegrunnlaget. I tillegg til investeringane som blir gjennomført med asfaltering dukkar det som regel opp fleire mindre områder som skal asfalterast. Som oftast er dette re-asfaltering etter graving i veg, som for eksempel bytte av stikkrenne eller arbeid på VA.

Den leverandøren som blir tildelt kontrakt for asfalteringa for Hjelmeland kommune for 2022 forpliktar seg derfor til å asfaltere alle vegstrekningane beskrive i konkurransen og alle andre småjobbane som måtte dukke opp i løpet av året. Det er ikkje moglegheit til å berre gje tilbud på dei fastsette strekningane.

Dersom leverandør ser det nødvendig med manuell dirigering forbi anleggsstaden er det leverandør som sjølv er ansvarleg for å stille med trafikkdirigentar. Dette er og beskrive i punkt 5 Tildelingskriterier. Kostnaden for manuell dirigering skal vera lagt inn i prisen.

Det skal asfalterast med asfalt av typen Agb11 med 100 kg/m², ca. 4,0 cm.

Asfaltdekket skal produserast og utførast i samsvar med Statens vegvesen Håndbok N200 for utføring av bituminøse vegdekker og bærelag. Oppdragsgjevar krev at det blir lagt fram stadfesting på at asfaltmassen er produsert som spesifisert, og det kan antas at oppdragsgjevar tek kjerneprøvar etter utført asfalteringsarbeid.

Skilting og varsling av arbeider skal planleggast i samråd med oppdragsgjevar.

Det er føresett at tilbydar har skaffa seg den kjennskap om arbeidsområdet og andre forhold av betydning som kan oppnåast ved besøk på dei aktuelle stadane. Tilbydar må og skaffe seg opplysningar om lokale forhold av betydning for sitt arbeid som t.d. transportmoglegheiter til arbeidsområda.

Endringar i omfang – Det er viktig for oppdragsgjevar å holde seg innanfor den fastsette budsjettamma for dette prosjektet. Det kan derfor bli endringar i kva vegstrek som skal asfalterast for å halde seg innanfor ramma. Ved justeringar i omfang etter tilbudsfrist vil tildelt leverandør bli invitert med på synfaring for å avgjer kva strekningar som skal asfalterast eller ikkje. I samband med synfaringa, skal det og gjennomførast felles oppmåling og justering i samsvar med denne oppmålinga.

1.4 Deltilbod

Det er ikkje tilgang til å gi tilbod på delar av oppdraget.

1.5 Tidsfristar

Aktivitet	Tidspunkt
Frist for å stille spørsmål til prisførespurnaden	12.06.2023 kl. 12:00
Tilbudsfrist	21.06.2023 kl. 12:00
Tilbudsopning	21.06.2023 kl. 12:30
Val av leverandør og melding til tilbydarar	Veke 25-26
Karensperiode	10 dagar etter tildeling
Kontraktinngåing	Veke 27-31
Tilbodets vedståelsesfrist	90 kalenderdagar frå tilbudsfristens utløp
Leveranse	Medio August til slutten av september 2023

Det gjerast merksam på at tidspunkta etter tilbudsfrist er mellombelse og kan bli gjenstand for justeringar. Ei eventuell forlenging av vedståelsesfrist kan berre skje viss leverandøren godkjenner dette.

2 REGLAR FOR GJENNOMFØRING AV KONKURRANSEN

Anskaffinga gjennomførast i samsvar med lov om offentlege anskaffingar av 17.juni 2016 (LOA) og forskrift om offentlege anskaffingar (FOA) FOR 2016-08-12-974 del I og II.

Oppdragsgjevar planlegger å tildele kontrakt utan å ha kontakt med leverandørane utover å foreta eventuelle mindre avklaringar/korrigeringar av tilboda.

Forhandlingar kan likevel bli gjennomført dersom oppdragsgjevar, etter at tilboda er mottatt, vurderer det som hensiktsmessig. Utveljing vil i så fall bli gjort etter ei vurdering av tildelingskriteriene. Det presiserast at ingen leverandørar kan forvente dialog om sitt tilbod og difor må levere sitt beste tilbod.

Arbeidet skal elles utførast i samsvar med aktuelle lovar, forskrifter og føresegnar om bl.a.:

- Arbeidsmiljø
- Lønn og arbeidsavtaler
- Arbeidstid
- Arbeidssikkerheit
- Omsyn til øvrige omgjevnader

3 OFFENTLEGHEIT OG TIEPLIKT

For allmentes innsyn i dokumenter knytt til ei offentleg anskaffing gjeld offentleglova. Oppdragsgjevar og sine tilsette plikter å hindre at andre får tilgang eller kjennskap til opplysningar om tekniske innretningar og framgangsmåtar eller drifts- og forretningsforhold det vil vere av konkurransemessig betydning å hemmeleghalde, jf. FOA §§ 7-3 og 7-4 og , jf. forvaltningslova § 13.

4 KVALIFIKASJONSKRAV

4.1 Skatteattest

Krav	Dokumentasjon
Norske leverandøren skal ha ordna forhold med omsyn til betaling av skatt, arbeidskraft og meirverdiavgift	Skatteattest, ikkje eldre enn 6 månad

4.2 Leverandørens organisatoriske og juridiske stilling

Krav	Dokumentasjon
Leverandøren skal vere eit lovleg etablert føretak	Firmaattest
Det krevjast at leverandør vil rette seg etter dei lovar og reglar som gjeld for bruk av utanlandsk. arbeidskraft	Erklæring på at lovar og forskrifter, her under lønns- og arbeidsvilkår vil bli følgt i samband med bruk av utanlandsk arbeidskraft.

4.3 Leverandørens tekniske og faglege kvalifikasjonar

Krav	Dokumentasjon
Leverandøren skal ha tilstrekkeleg gjennomføringsevne og kapasitet	Utgreiing av leverandørens arbeidsstyrke, reiskapar, maskinar og tekniske utsyr som leverandøren disponerer til gjennomføring av oppdraget

5 TILDELINGSKRITERIER

Tildeling vil skje på bakgrunn av kva tilbod som er **det beste tilbodet** etter tildelingskriteria.

Vuderingskriterie	Vekting	Dokumentasjon
Pris	85 %	Ferdig utfylt prisskjema
Framdrift	10%	Føreslått framdriftsplan etter tidspunkt for leveranse i punkt 1.5.
Miljøsertifisering	5%	Sertifiseringsbevis for Miljøfyrtårn eller tilsvarende miljøsertifisering.

Om pris

Vederlaget skal dekkje alle kostnader med administrasjon, planlegging og arbeidsleiing, rapportering, forsvarleg arbeidssikring/skilting, utføring av arbeidet, koordinering og dirigering av trafikken. Pris skal vere fast i kontraktsperioden.

Entreprenøren skal foreta opprydding etter at arbeidet er avslutta. Eventuelle areal utanfor anlegget som har vore brukt i anleggsperioden skal settast i minst like god stand som dei var før arbeidet starta. Kostnaden skal vere inkludert i prisane.

6 INNLEVERING AV TILBOD OG TILBODETS UTFORMING

6.1 Innlevering av tilbud

Tilbudet skal leverast digitalt via KGV Merzell.

6.2 Tilbodets utforming

Det bes om at tilbudet utformast i samsvar med den disposisjonen som følgjer av dette konkurransegrunnlaget. Leverandør er sjølv ansvarleg for at alle spørsmål, krav og avklaringspunkter svarast på/belysast og dokumenterast i tilbudet.

- Signert og utfylt tilbodsbrief (Ved bruk av underleverandør skal desse opplysast om)
- Utfylt prisskjema
- Skatteattest
- Firmaattest
- Eigenerklæring om lønns- og arbeidsvilkår
- Utreiing av leverandørens arbeidsstyrke, reiskapar, maskinar og tekniske utsyr som leverandøren disponerer til gjennomføring av oppdraget

7 KONTRAKT

Oppdraget skal leverast etter NS 8406 Forenkla norsk bygge- og anleggskontrakt.